

ÅRSMELDING

FOR

ØRSKOG HISTORIELAG

ÅR : 2021



FAKf-1328 - Prøvebilde frå Sivert Stavdal sitt arkiv, Ørskog Historielag - FylkesFOTOarkivet / IKA Møre og Romsdal 2019

FAKf-101052.355988 1910 – 1920 ca Fotograf Sivert Stavdal

På Ørskogvika full av båtar denne sommardagen. Vi kan sjå 23 forskjellige båtar, men truleg var det fleire som ikkje kom med på bilete. Felles for alle båtane, er at dei har mast med vimpel eller flagg. Men kva anledning og kven er om bord? Nei, det er det har vi ikkje svar på. Det vi veit er at fotografen var Sivert Stavdal (1881-1965), som vart tilsett som skulestyrar på Søndmøre Amtskole på nyåret i1911. Vi kjenner til at han var avholdsmann og at han var aktiv med i IOGT. Sivert Stavdal var frå Stordal og frå 1903 var han med i styringa i Nøre Sunnmøre distrikt og var der distriktsemppar i I.O.G.T. og i den lokale losje. Så kanskje denne båtkortesjen er på veg ut Ørskogvika, etter eit møte i I.O.G.T. på Sjøholt? Datering: ukjent. (Registrert av Ørskog Historielag v/Siv Krokfoss.)

Frå Fylkesfotoarkivet



Prevebilde frå Ørskog Historielag sin samling - FylkesFOTOarkivet / IKA Møre og Romsdal 2019

Steinholtskiftet ca 1949-1952 fotograf: Olav Sjøholt. Fylkesfotoarkivet

Bjørkaris og flagg på bilen, må vel tyde på 17. mai. Vi er ved Steinholtskiftet på Sjøholt. Sjøføren manglar, og sidan Olav Sjøholt var eigar av dette bilete, er det vel grunn til å tru at han var både fotograf og sjåfør. Han hadde lastebil tidleg og var eigar av bilen. Den vart registrert på han i 1947/48. Vi ser elles at det går ei ledning frå passasjerer og opp til ein høgtalar på taket. Vi dreg ikkje kjensel på dei tre personane på bildet. Dei er ikkje frå Myrane. Informant: Ove Eide og Storfjordens Automobilklubb - (Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.)


Tilleggsinfo: Bilen vart brukt under ein nasjonaldag omkring 1950. Eg kan ikkje tidfeste det på annan måte enn det var det året brannalarmen på Gamlekaia vart utløyst medan folk flest tok ein pause i feiringa mellom barne- og folketøget. Brannen skjedde på Gabrielplassen og var ikkje av det alvorlege slaget. Då kan eg hugse at Bjarne Sjøholt, som var sjåfør den dagen, køyrde omkring i bygda med opplysning om faren var over, men det var ikkje einaste "oppdraget" denne dagen, men eg trur det berre var ein mikrofon som var kopla til den synlege høgtalaren. "Hallomannen" kjende eg også, men har gløymt kven det var. Eg knyter namnet Peder Brautehaug til den rolla, men det kan vere at eg har gripe svaret ut frå lause lufta.

Jenta på karmen, er Inger Aure, men den andre på lasteplanet, kjenner eg ikkje att. Om Bjarne Sjøholt var mellom dei som hadde ansvaret for programinnslag slike dagar, veit eg ikkje, men han var i alle høve aktiv i fleire år, slik sett, m a hadde han

rolla som lokomotivfører eit år Raumabanen gjekk gjennom bygda som ein del av det årvisse opptoget. (Informant: Arne Tøsse.)



Wensell-vogna i ØH si eige. Plassert hos Frode Dyrkorn og Steinar Leganger på Haukås frå 2021.



Lokomobilen på Bergenstur – Hans Sjøholt, Svein Stene og 19.- 20. august 2000



ÅRSMELDING

ØRSKOG HISTORIELAG

ÅR: 2021

2021 – På same måten som i 2020 har vi vore gjennom eit år de me **KORONAEN** har dominert – også i høve til ØH sine aktivitetar -med dei konsekvensar dette har medført for land og folk – og litt også for laget vårt!

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta 16. april i 1985. Vi noterer 36 år i 2021.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.

c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Ørskog Kulturhus tysdag 2. mars 2021. 18 personar var til stades. Innkalling og sakliste vart godkjende. Møteleiing og skrivar vart valde. Årsmeldinga for 2020 inkl. meldingar frå nemndene, og rekneskapen for 2020 vart godkjende med mindre endringar. Rekneskapen viste eit underskot på 13.669 kr. Godt arbeid i nemndene, der leiarane ga oss innblikk i sine årsmeldingar. Budsjett for 2021 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda med mindre endringar/tillegg. Valnemnd for årsmøtet 2021 var: Børre Tennfjord og Asbjørn Bårdsgjerde. Valnemnd for årsmøtet 2022: Grethe L. Gjerde 2 år, Karin Årdal 2 år og Svanhild Hjelle 1 år. Arbeidsoppgåver for år 2021 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for 2022 vart uendra frå 2021 - 350 kr pr år. Kaffi/te og kake undervegs i møtet. Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 20 april, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|------------------------|-------------|
| - Ragnar Bakken | leiar |
| - Oddbjørn Hjelle | nestleiar |
| - Mette Cecilie Loe | skrivar |
| - Karin Eide | kasserar |
| - Karen Simonnes Aanes | styremedlem |

- Knut Helge Vestre 1 varamedlem
- Nils P. Sjøholt 2.varamedlem
- Reidun Davik 3.varamedlem

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Torstein Davik.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 5 medlemmer – leiar Siv Krokfoss.
- Postveg nemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2022: Ola Rotnes – Runa Klock. Vara: Jorunn Giskemo
- Revisorar: Kjellrun Tomren – Mons Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2021/22: Grethe Leikny Gjerde—Karin Årdal – Svanhild Hjelle.

STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt 7 - SJU (seks i 2020) møte:
20. april – 8. juni - 10. august – 29. september – 23. november – 18. januar – 22. februar.

Styret har handsama 105 (89 i 2020) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2020: 341 (335 i 2020 inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2021.

Medlemsverving rett før jul 2021 ga nokre nye medlemmer! Nokre få utmelde.

Medlemstal 31.12.21: ca. 341

Styret og nemnder har saman prioritert oppgåver ut frå m.a. drøftingane på årsmøtet.

Frå styreprotokollen tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2021.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Sikring/alarm Paktarhuset.
- ✓ Kunstverk Jørund Smed – ferdigstilling.
- ✓ Kulturminneplan slutføring.
- ✓ Budsjett 2021 – økonomi årbok 2021.
- ✓ Saker under arbeid – på dei fleste møte.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Skyssvogna – overteke – plassering – Haukås
- ✓ Smia – planlegging av renovering.
- ✓ Kveldsetene 2021 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Styret fordeling av oppgåver.
- ✓ Godkjenning revisjonsrapport rekneskap 2020.
- ✓ Kraftverket i Ørskogfossen. Vedlikehald veg. + Plass ved Kvernhuset.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2022.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Renovering Paktarhuset – planlegging – møte – avtalar.
- ✓ Bygdevandring – Norddal steinsamlinga til Hallvard Eide.
- ✓ Søknader om støtte – smia – Paktarhus – Postveg – kunstverk J. Amdam.
- ✓ Gravminne/minneord – jf. arbeid v/Siv Krokfoss.
- ✓ Byste Olav Oksvik – eiga nemnd under stiftinga.
- ✓ Lån – smia – Ørskog sparebank.
- ✓ Nettside arbeid med fornying.

- ✓ Stabbur Sjøholt folkehøgskole.
- ✓ Medlemsverving. Liten auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald. Arbeidet med å få vedteke namn/skilting mm.
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ Økonomirapportar på alle styremøte.
- ✓ Årbok 2021.
- ✓ Førjulssal av årboka - medlemsverving m.m.
- ✓ Årsmøte 2022 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – utsending.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank Jf. rekneskap 2021.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.

- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2021
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete. God framdrift.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid.
- ✓ Oppgaver for/frå teknisk utval. Planlegging av renovering smia.

Kveldseter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse. I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 temaene**: Tal frammøtte i ():

Februar 2021:	Avlyst – korona.
April: 2021	Avlyst - korona
25. mai 2021:	Biletserie vår og sommar – Ørskog v/Siv Krokfoss (26)
17.aug. 2021:	Sjøholt folkehøgskole v/ Lars Johan Klokk. (55)
29. aug.2021:	Tur til Norddal – steinsamlinga til Hallvard Eide. (20-25)
7. sept. 2021:	Verteikn v/Ivar Hol (33)
5. okt. 2021:	Biletserie. Jakt og fiske + Øvstevegen v/Siv Krokfoss (35)
2. nov. 2021:	Olav Oksvik v/Einar Landmark. (39)
7. des. 2021:	Årbok 2021. Skriftnemnda og forfattarar. (17)
2. febr.2022:	Biletserie – langs Mørekyseten v/Jon Slyngstad (35).

Samla frammøtte: **240** (135 på fire kveldseter i 2020) på dei sju kveldsetene.

Det er så langt planlagt seks kveldseter vidare i 2022. Bygdevandringa i august 2022 vert lagt til Vestresætra + Skarbøsætra.

Samlingane har vore på Ørskog kulturhus. Huset er godt eigna med fine tilhøve for biletframsying. Inga husleige for lag og org. frå kommunen.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: <http://orskoghistorielag.org>
 Postadr.: post@orskoghistorielag.org



Paktarhuset 2021

Paktarhusnemnda.

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Kåre Myren – Frank Robert O`Brien Svingeset
Runa Klock – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar i nemnda har levert denne rapporten for 2021:

ØRSKOG HISTORIELAG PAKTARHUSNEMNDA:

Aktivitetar i 2021:

Vi har avvikla dei årlege vår- og haustdugnadane. Plenar, grusareal, hekk, prydbusker og planter, frukttrær og andre tre krev regelmessig stell og vi føler vi klarer å halde uteområda i bra stand.

Når det gjeld sjølve Paktarhuset, har det vore mange møte og ein god del arbeid knytt til den planlagde restaureringa av huset, der mange bygningsdetaljar skal tilbakeførast til slik det var før slutten av 1950-talet. Huset er som kjend freda, og fylkeskonservator og restaureringseksperter Per Kjell Holtleite har derfor vore involvert i arbeidet. I arbeid med freda

bygningar, vert ingenting gjort tilfeldig. Prosessen er tidkrevjande, men vi vonar at det praktiske arbeidet kjem i gong i år.

Alarmsystemet for huset er no på plass og operativt.

Også i 2021 tok vi i mot gåver til laget sine historiske samlingar. Dette gjeld m.a. gamle papir frå ein gard og ei gammal handelsverksemd. Alt blir registrert og lagra systematisk. Vi ser at samlingane frå tid til annan kjem til nytte, mellom anna for forfattarar av årbok-artiklar.

Elles har nemnda enkelte forefallande oppgåver knytt til huset, samlingane, lagsaktivitetar m.m.

Ove Eide / leiar Paktarhusnemnda



Prestegarden 1908

Skriftnemnda.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvinn Danielsen – Bente Lid Selnes – Jostein Tomren – Odd Saure – Monica Brandal.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2021:

Årsmelding frå Skriftnemnda 2021

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har i hovudsak vore Gamlebanken og Frivilligsentralen. Koronarestriksjonane var strenge fyrste del av året, men dei letna etter kvart slik at ein kunne møtast i mindre lag der ein tok omsyn til smittevern.

Også dette året har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som avfødde god tilgang på artiklar. Det er hovudsak vore stor velvilje hos dei vi spurde om å bidra; om enn ikkje hos alle. Og det var også i 2021 dei som kom til nemnda med tilbod om å levere artiklar. Det er vi svært glad og takksam for. Det er ofte noko dei brenn for som gjer at dei vender seg til nemnda, og resultatet er gode og interessante artiklar og forteljingar.

I årets Årbok finn vi spesielt grunn til å framheve Arne Tøsse sin artikkel om Søndagsskulen i Ørskog. Eit omfattande tilbod med stor oppslutning over fleire ti-år og med fordelt på fleire søndagsskulekrinsar. Få skriftlege kjelder er å finne, og fleire av dei som var leiarar, er borte.

Vi vil like eins trekke fram Tore Gjære sin artikkel om fjellgarden Svartløken der han trekkjer liner attende til førhistoriske tid og gardshistoria attende til rundt Reformasjonen.

Magnhild Schmidiger bidrog med to interessante artiklar. Ein om oppløysinga av klyngetunet på Nedre Lande rundt århundreskiftet 1800/1900; og så eit portrett av mora Berte Melle som vart tildelt den fyrste kulturprisen i Ørskog for sitt arbeid.

Medlem i Skriftnemnda Jostein Tomren har også i år bidrege med fleire artiklar. Ei heil portrettsamling om sine barndoms heltar i bygda. Personar som gjorde inntrykk både gjennom yrke, engasjement, vit, vidsyn og veremåte. Ikkje mindre enn 10 personar er portrettert.

Og som om ikkje det var nok. Også historia om Ørskog Ungdomslag gav han seg i kast med og kunne presentere del 1 i 2021. Del 2 kjem i 2022.

Kolbjørn Gjære hadde funne fram og laga eit samandrag av bestefaren Severin Gjære sine notata frå gardsdrifta i åra 1906 til 1921.

Reidun Klock Tjervåg hadde med utgangspunkt i møteboka for Ørskog Småbåtlag skrive om historia til dette laget attende til skipinga.


Tidlegare ordførar Knut Harstad var (og er) mykje oppteken av trafikktrygging, og skreiv eit samandrag om arbeid og kamp for å få realisert slike tiltak tilbake til 1985.

Eitt anna medlem i Skriftnemnda, Bente Lid Selnes, leverte to artiklar, ein knytt til bustaden «Strandheim» og livet i fjøra kring denne bustaden. Den andre artikkelen hennar handla om ei særmerkt dame i bygda, Lilla på Li.

Også dette året hadde Siv Krokfoss funne fram ei samling interessante historiske bilde og lagt til gode tekstar.

Trygve og Oddny Alvestad hadde skrive om Nils Johan Barlindhaug som utvandra til Amerika og enda opp som bibliotekar i Minneapolis. Artikkelen fortel om kva som måtte vere på plass for å emigrere til USA i eldre tider.

Vi viser elles til innhaldslista og naturlegvis – sjølve årboka.



Framsida Årbok 2021

Innholdsliste Årbok 2021

Garden Svartløken

Ørskog Ungdomslag Del 1

Berte Melle

Mine barndoms heltar

Klyngetunet på Nedre Lande

Sjøholt Småbåtlag

Sundagsskulane i Ørskog

Strandheim

Nils Johan Barlindhaug

Severin Gjære sine notata

Lilla på Li

Vêr og vêrteikn

Tore Gjære

Jostein Tomren

Magnhild Schmidiger

Jostein Tomren

Magnhild Schmidiger

Reidun Klock Tjervåg

Arne Tøsse

Bente Lid Selnes

Trygve og Oddny Alvestad

Kolbjørn Gjære

Bente Lid Selnes

Ivar Hol

Trafikktrygging i Ørskog

Knut Harstad

Wensellvogna

Ragnar Bakken

Perler frå fotoarkivet

Siv Krokfoss

Hendingar i 2021

Bjørn Steinar Skarbø

Årsmelding Ørskog Historielag 2020

v. Ragnar Bakken

Medlemmer i Ørskog Historielag



Wensellvogna på plass hos Ørskog bilsenter på Haukåsfeltet



BRØNE Adolf og Anton Bjermeland var aktivt med i alt som hadde med fiske og fangst på Ørskogvika å gjere, opparbeiding av småbåthamna og livet i dei gamle nausta i sentrum på Sjaholt. Foto: Jens Viset

Siste sida i Årbok 2021 (bakside)



**Ørskog inn saman med Skodje og Stordal = Ørskog kommune.
Den gong då – med eit mannsprega kommunestyre.**

Boka vart dessverre seint ferdig dette året. Ho vart lansert under kveldssete 14. desember i førebels trykt utgåve. Den ferdigtrykte utgåva var på plass rett inni jula, og vart distribuert i romjula. Samstundes vart det halde salsstand på daglegvarebutikkane i bygda.

Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Lasertrykk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med deira innsats og kvaliteten på arbeidet. Prisen er også fordelaktig, sjølv om det dette året vart noko prisstiging på grunn av auka papirprisar.

Skriftnemnda registrerer at årboka også dette året vart godt motteken.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar, fotografar og annonsørar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ørskog 14. februar 2022

Teknisk utval.

Medlemmer **Torstein Davik** (leiar) - Svein Elling Barlindhaug - Terje Nybø – Gunnar Kongsnes – Terje Haaheim - Magne Henden

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2021:

1: **Kvernhuset.** Plass fremfor huset har fått pålagt veg-duk med eit lag av fin singel på toppen. Arbeid utført av Støversten AS. Arbeidet er utført etter fastpris avtale og er betalt av kasserer.

2: **Kraftstasjonen.** Veg ned til stasjonen. Historielaget ønska å rydde og utbedre vegen til stasjonen. Grunneier K. Furstrand ga tillatelse til gjennomføring. Entreprenør Støversten har nytta gravemaskin og tatt av- og jamna toppen av vegen. Vei-duk er lagt med eit godt lag av singel på toppen. Arbeidet utført etter fastpris avtale og er betalt av kasserer.

3: **Malmbane traseen.** Traseen vart inspisert av Gunnar Kongsnes, som tilbakemeldte at ei evt. rydding kan gjennomførast av dugnadsgjeng med ryddeutstyr. Kongsnes peikar på at grunneigarar bør kontaktast og gi løyve før evt. ryddingsarbeid vert sett i gang. Ryddearbeid vart ikkje gjennomført i år.

4: **Glassmonter for Lokomobil og Hotell-modell.** Støvsuging og reingjering av «Lokomobil stall» samt «hotell modell del». Tilstand i begge monterane er bra, noen flekkar på dørken i «lokomobil stall» fekk vi ikkje fjerna, men desse er ikkje veldig skjemmande sett utanfrå. Sjekka 5 årleg sertifikat & tilstands kontroll for dampkjelen for lokomobilen. Det hadde utløpsdato den 28.05.2021, og er såleis utgått på dato. Arbeider med å få utført 5 årleg sertifikat, har kontakta fleire aktørar for re-sertifisering, også sjekka hos arbeidstilsynet, men har til d.d. ikkje funne nokon som kan gjennomføre re-sertifisering av lokomobil dampkjele. Held fram med dette i 2022.

5: **Skyss-vogna.** Vogna vart flytta frå Myrane til Frode Dyrkorn/Haukås Industriområde 08.09.2021. Vogna var nedstøva etter lagringa i drivhuset på Myrane. Frode påtok seg arbeidet med reingjering. Var innom verkstaden 10.12.2021, der vogna no har fått ein grei plass i lokalet, inn i mellom ei samling veteranbilar.




6. **Smia / Restaurering.** Har utarbeidd ein «reparasjons omtale» av jobben på Smia ut frå inspeksjon som vart gjennomført saman med Asgeir Kvernberg søndag 01.08.2021. Har i ettertid kontakta og gjennomført møte med restaurerings snekkar Per Kjell Holtleite frå Stordal. Møtet vart gjennomført saman med Ragnar Bakken og Ove Eide, der komande arbeid på Paktar huset også vart tilbode Holtleite. Holtleite er positiv til vidare samarbeid. Vedr. smia og vidqare førebuing av arbeida på denne, vart det 09.12.2021 under eit kort møte med Holtleite overlevert eit kostnads-overslag med indikasjon på totale arbeidspengar. Kostnadsoverslaget baserer seg på tidligare nemnde arbeidsomtale, og har ikkje med material-kostnader som då kjem i tillegg. Overslaget er inkl. mva., og er totalt på Nok. 196.500,-_Har vidare avklart med Tor Einar Amdam at Holtleite kan hente materialar hos Amdam sag, og afakturering vil gå direkte til Historielaget. Tor Einar aksepterer at Holtleite sjølv kan hente det han treng av materialar, og så levere oversikt til Amdam sag over det han har teke ut. Kostnad med transport av materialar frå Amdam til smia er for øvrig inkludert i prisoverslaget frå Holtleite.

7. **Fellesmøte for nemndmedlemmer:** På grunn av ustabil Covid-smitte situasjon gjennom 2021 har teknisk utvalg gjennomført berre eit fellesmøte, halde 03.06.2021 i Paktarhuset.

Med vennegg helsing

Torstein Davik – leiar -



Datering: 1930 – 1940 Eigar: Lande, Magnus

I fotoalbumet frå Ellinggarden på Sjøholt finn vi dette bilete. Bilete er stempla med "Landes Rutebiler", så då er det nok ein av bussane til selskapet som Elling Nikolai Larssen Lande eigde. I bakgrunnen trur vi at vi ser "Rønneberghaugen" med Rønneberg sin villa - men kven er sjåføren? - (Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.) Sjåføren er trolig Olaf Strandhagen ,senere verksmester hos Lande i Grensegata 5 Bussen er en Gramm (Informant: Svein Arve Høstmark.)

Fotoregistreringsgruppa.

Leiar i denne gruppa Siv Krokfoss skriv:

Fotoregistreringsgruppa 2021:

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

Siv Krokfoss har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Jon Helge Abelseth, Ann Elin Viset, Rolf Hatlen og Eldbjørg Ringseth Stensli. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert gjort direkte til Fylkesfotoarkivaren hos IKA Møre og Romsdal.

Siv Krokfoss er ansvarleg for digitalisering av bilete og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 3550 bilete i fotosamlinga som har tilknytning til gamle Ørskog kommune å gjere.

Året 2021 har vore eit år med lite møteaktivitet i gruppa pga smitevernsreglar under koroanapandepien. Samstundes var databasen til Fylkesfotoarkivet under oppdatering og ny fylkesfotoarkivar kom på plass i oktober 2021; Anne Tømmervåg.

Eit lite tilfang på eldre bilete frå Ørskog har det likevel blitt, ved at vi har identifisert eldre bilete som tidlegare har blitt lagt inn i Fylkesfotoarkivet utan tekst og anna informasjon. I underkant av 30 bilete er på denne måten fått «nytt liv» der historia om personar og hendingar blir tatt vare på for ettertida.



FAKf-1308 Foto: Jens Viset - Ørskog Historielag / FylkesFOTOarkivet 2017 Copyright: CC-NC

Datering: 1950 – 1954 Fotograf: Sørå, Peter Elias

Vaksvikbygda sett frå Aksleskarhaugane tidleg på 1950-talet. Det næraste bruket er Lars-bruket på Hjelle der familien Justad budde på denne tida. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

Fotoregistreringsgruppa arbeider tett med medlemmar i gruppa «Gamle blider fra Ørskog», som er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrerte gjennom historielaget blir og delt i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

Siv har hatt to framsyningar av bilete på kveldssete i historielaget. Begge kveldsseta har blitt gjennomført i amfiet på kulturhuset. Ei god løysing både med tanke på smittevernreglar og å kunne vise fram bileta på eit så stort lerret gir ei god framstilling for publikum.

I juni 2021 var temaet på kveldssete: Bilete frå vår og sommar i farne tider. Denne kvelden var smitteverns reglane noko opna opp og det kom ca. 25 deltakarar. I august var det nytt kveldssete som starta med framsyning av bilete frå forskjellige årstal med jakt og fiske i Ørskog. Kvelden vart avrunda med historia av Tønnes Anda, der Siv hadde funne fram bilete i Fylkesfotoarkivet som kunne beskrive «Glade feriedagar på Sjøholt – minne frå farne år».

Fotoregistreringsgruppa har elles deltatt aktivt med å fram og skaffe bilete til den årevisse kalenderen frå Rotary og Historielaget.

Årboka for 2021 har fått ca. 15 «perler frå arkivet» også i år med detaljert informasjon.

Vår database med 230377 bilete frå Møre og Romsdal er å finne under <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/>

Postveg nemnda - «Den Trondhjemske Postvei».

Eiga nemnd: Ivar Holmeide (leiar), Elling Ødegård, Norvald Sjøholt, Odd Asbjørn Nybø, Martin Ødegård

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

ÅRSMELDING POSTVEGNEMDA 2021:

Postveg nemnda har i 2021 bestått av Martin Ødegaard, Odd Asbjørn Nybø, Norvald Sjøholt, Elling Giskemo Ødegaard og Ivar Holmeide. Odd Asbjørn Nybø, Martin J.Ødegaard og Ivar Holmeide tok attval på årsmøtet i mars 2021, og Ivar Holmeide vart attvald som leiar i nemnda.

Leiaren i Historielaget og underteikna har i 2021 hatt ein tett dialog med Ålesund kommune vedr. planfri kryssing av E39 i Landedalen i høve bygging av forbikjøringsfelt på strekninga. Vi har etter kvart fått ein svært god kontakt med Magne P. Fylling som er fagkoordinator for allmenn kultur i Ålesund kommune, og samarbeidet med han har vore positivt for begge partar. I desember 2021 fekk vi informasjon om at Møre og Romsdal Fylkeskommune hadde løyvd 2 millionar kroner til undergang for «Den trondhjemske postvei» i Landedalen og det er no bestemt at arbeidet med undergangen skal starte opp like etter påske i 2022.

Ørskog Historielag har fått utarbeidd eit forslag til skilting lags Postvegen på heile strekninga frå Amdamfjøra til Vestnes grense, og vi har heile hausten i 2021 venta på innkalling til møte med Fylkeskommunen for å kome vidare med skiltforslaga. Skilta skal fortelje om kulturminne som ein kan sjå på veggen og nært veggen.

Postvegneymda starta i 2021 med sin første dugnad den 29.1. og det var då 4 av medlemmene som deltok, og arbeidet bestod i felling ev fleire lauvtre samt klipping av mindre busker.

I tidsrommet juni til september har det vore dugnad med bruk av beitepussar, ryddesag og greinsaks. Det har vore 6 heildags dugnader kor 2 eller 3 av medlemmene har delteke. Leiaren har vore til stades på alle dugnadane.

Postvegen frå Russebøen til Nedrevoll og vidare til Amdam vart slegen 2 gonger og det same vart det på vegen frå Myrløken til Haugsetra. Grunna stor aktivitet med anleggsmaskiner i Landedalen vart vegen frå Gjære innmark til Stortrøna berre slått ein gong.

Norvald Sjøholt og Ivar Holmeide har også i 2021 sørga for kantslått og krattklipping på strekninga Russebøen til Hestvika etter førespurnad frå Frivilligsentralen.

Postvegneymda har ei rad oppgåver som står for tur, og det er flott at «Stikk-UT» turar vert lagt til deler av Postvegen. Nemnda må starte med fjerning av ein del tre på strekninga frå Russebøen til anleggsvegen som går frå Valbøen til Gausnestoppen, då det er fleire rotvelter langs vegen og nokre av trea ligg på tvers av postvegen. Skogen som har stått vest for postvegen er no fjerna i høve bygging av nytt hestesenter, og trea som står att like aust for Postvegen, er no særst utsatt for vind frå vest. Røtene til fleire av desse trea går inn i vegbana på Postvegen og har allereie gjort skade på vegen.

Olebakken , 03.02.2022

Ivar Holmeide/ leiar Postvegneymda 2021

Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.

***Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.*

***Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.*



Frå Postvegen.

NETTSIDE

Nettsider Ørskog historielag: Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: <http://orskoghistorielag.org>

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle

Ørskog .Historielaget si nettside – notat v/Tore Gjære – februar 2021.

Nettsida til Historielaget vart utforma av Øyvind Gjære i 2010. Den er basert på direkte koding i html. Mykje har skjedd på den digitale fronten sidan den tid, og nettsida kan i dag virke gammaldags. På årsmøtet 2021 var det stemning for å få laga ei ny side ved hjelp av moderne programvare. På styremøte 23. november 2021 vart det utpeika tre personar til å førebu dette: Siv Krokfoss, Tore Gjære og Børre Tennfjord. Kurt Tverli, som driftar webhotellet som vi nyttar oss av, har sagt seg villig til å hjelpe oss med dette. Tore har vore i kontakt med han ved fleire høve, og har ved hans hjelp utforma eit utkast til ein prøveversjon. Denne er laga ved bruk av programmet Joomla. Eit anna aktuelt program er WordPress, og nemnda vil i nær framtid ha eit møte der vi vil vurdere kva program vi finn mest tenleg. Vi vil etter kvart også ta stilling til korleis vi vil ha sjølve strukturen på sida, og tek gjerne mot innspel om det frå andre medlemmer.

Ørskog Historielag



Velkommen

[[Framsida](#)]

Ørskog Historielag vart skipa i 1985, og har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til bygdene i Ørskog kommune



Vi har no eit medlemstal på ca 335, og vi arbeider med ulike restaureringsoppgåver i tillegg til at vi gir ut årsskrift og arrangerer møte og tilstellingar. Vern av kulturminne er også ei prioritert oppgåve

Olav Oksvik – stiftinga.

Stiftinga vart oppretta i 2011. Olav Oksvik minnesamling. Målsetjing er å ta vare på verdfulle ting har etterlet seg, skaffe lokale til dette, reise ei byste og halde ei årleg konferanse med grunnlag i demokratiet.



Ungdomsbilete av Olav Oksvik – 1904 Amtskulen Sjøholt


Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gamal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politikar som stortingsrepresentant for arbeidspartiet frå 1928 til 1953. Deretter Fylkesmann i Møre og Romsdal til han døydde i 1958.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtte avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 vart ikkje planlagt. Stiftinga sitt styre drøfta 2020 avvikling av stiftinga grunna manglande kommunal interesse(økonomi.) Endelege vedtak; stiftinga held fram. I 2021 har fleire av målsetjingane til stiftinga vorte løfta fram: Konferanse vart halde 16. november 2021 med tema Det grønne skiftet/Vindkraft mm. Lokale for samlingar: arbeidet held fram – kanskje vi kan få ei løysing i 2022? Byste: Ein eigen komite har kome i arbeid: Helge Giskemo, Oddbjørn Braute og Grethe Leikny Gjerde. Grappa har hatt ein fin start med målsetjing ei byste av Oksvik på Sjøholt der kunstnaren vert Ola Stavseng.

Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Oddbjørn Braute, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Helge Giskemo, Grethe L. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.

Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Janet Roelof.

Ørskogkalenderen 2022



Framsida Ørskogkalenderen 2022.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen Første gong for 1995. I fleire år stod Ørskog sparebank for finansieringa

Litt historikk frå siste åra. For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020 og 2021. Kalender for 2022 kom på plass i god tid før jul 2021 der Rotary og ØH stod for arbeidet bak.

Alle husstandar har fått denne kalenderen. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der nyare og eldre Ørskogbilete vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Ola Rotnes og Runa Klock.** Varamedlem Jorunn Giskemo. Takk også til velvillige sponsorar.

Rekneskap for året 2020:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 2. mars 2021. Kasserar har vore Karin solveig Eide. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S

ØRSKOG HISTORIELAG – ÅLESUND KOMMUNE.

2021 er andre året etter at nye Ålesund kommune vart etablert frå 01.01.20. Sandøy – Haram – Skodje – Ørskog og Ålesund utgjer den nye kommunen med ca 67.000 innbyggjarar. Ørskog historielag held fram som lag for gamle Ørskog kommune – utan namneskifte og utan endringar i vesentleg grad av oppgåver og arbeidet i laget. Vi vonar på eit godt samarbeid med administrasjon og politikarar vi i vårt arbeid kjem i kontakt med. Vi er ofte avhengig av at ØH og kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt etter dei to første åra. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH har sett det viktig å få på plass ein kulturminneplan for gamle Ørskog kommune. Planen var nesten ferdig hausten 2019. På plass i 2020 – ligg hos kommunen.
- ØH har etter fleire års arbeid endeleg fått ein driftsplan for Postvegen på plass. Driftsplan er på plass.
- ØH saknar ein kulturplan – dette krev samarbeid med kommunen.
- ØH sitt samarbeid med kulturetaten i nye Ålesund har vore godt. Vi har blitt møtt med velvilje og god forståing for våre ønskje og vårt arbeid.
- Vi har så langt ikkje kome i mål med å få kommunen til å stille med lokale til Oksvik si minnesamling.
- Litt økonomisk støtte har vi motteke Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande

Lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogleg løyste – til glede for innbyggjarane våre.



Kronprinsparet fotografert på verandaen på Sjøholt Hotell då dei vitja bygda i 1933. Fotograf: Ukjend

Vi ser framover – oppgaver for 2022 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 1. mars 2022 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp endeleg arbeidsprogram/årsplan for året 2022. Pågåande oppgaver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2022. Saman skal vi få det til:


- ✓ Smia – renovering i løpet av 2022. Her er vi optimistar!
 - ✓ Paktarhuset – utvendig måling – noko rep/skifte av bordkledning og hovuddør.. Søknad om ekstra midlar til Fylkeskommunen er aktuelt.
 - ✓ Skyssvogna – nødvendig stell – plassert på Ørskog Bilsenter – Haukås.
 - ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekinga gjennom Ørskog. Skilting bør vi kome vidare med – jf. Fylkeskommunen.
 - ✓ Følgje opp vedteken driftsavtale for vedlikehald av Postvegen.
 - ✓ Paktarhuset – stell og vedlikehald inne og ute + samlingane.
 - ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. **Finne lokale!** Halde konferanse til hausten.
 - ✓ Kvernhuset – vedlikehald – eventuelle demonstrasjonar.
 - ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S. Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid. Stønad frå ØE.
 - ✓ Malmbana vedlikehald.
 - ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Sertifisering.
 - ✓ Årbok nr 32 – for år 2022. Innhald og arbeid med boka.
 - ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2023.
 - ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
 - ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av bilete held fram.
 - ✓ Bygdevandring/sætrevandring – behovet/interessa for slike er til stades. Vestresætra + Skarbøsætra er måla i 2022.
 - ✓ Sjøholt folkehøgskule – renovering stabbur – måling mm
 - ✓ Ørskog kommunale kraftverk – historie bok . ØE + ØH.
 - ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år Planar for 2022 er lagde.
-
- ✓ Kulturminnedagane 2022: Ingen arrangement er planlagde.
 - ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
 - ✓ Ole Dreng-huset – kontakt med eigarar og med Storfjordens venner.om restaurering er gjort. Vidare framdrift.
 - ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.



Ørskog Historielag 2021 – med fokus på - oppsummering:

- ✓ Koronasituasjonen sette ein del preg på dette arbeidsåret.
- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 31!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell. Planlegg utvendig måling og renovering. Skal skje i 2022!.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit svært godt arbeid!
- ✓ Fotoregistreringa går godt! Godt over 3500 bilete i Fylkesfotoarkivet.
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste. Skilting vert arbeidd med i lag med Fylkeskommunen og kommunen.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Lokale til Oksviksamlinga må no kome på plass. Bystekomite er godt i gang med arbeidet for å få på plass ei byste av Oksvik.
- ✓ Planlegging av renovering smia. Vi satsar på 2022!
- ✓ Wensellvogna til utstilling hos Ørskog Bilsenter Haukås.
- ✓ Liten auke i medlemstalet – vi er no om lag 340.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2020/21.



Kvar årsmelding siste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

Styret i Ørskog historielag år 2022.

Ragnar Bakken – leiar -

